

## Presenterer Simas

**LÆRDAL:** Simas har no fått utarbeidd ein presentasjonsfilm som syner nokre av oppgåvene til Simas. Filmen er produsert av Gasta design og kommunikasjon. Daniel Volle har teke seg av foto, regi, redigering og musikken.

## Førde ikkje rekneskap

**FJORDANE TINGRETT:** Som styreleiar for ei verksemd i Florø førde ikkje sunnfjordingen rekneskap. Omsetnaden for selskapet låg på over ein milion kroner og til saman 27 personar var tilsett i firmaet. I Fjordane tingrett måtte han forklare seg om lovbrøtet og retten konkluderer med ei passande straff på 30 dagar fengsel på vilkår.

## Ny regiondirektør i Mattilsynet

**LEIKANGER:** Arne Falbach (49) er på plass som ny regiondirektør for Mattilsynets regionkontor i Hordaland og Sogn og Fjordane. Falbach har bakgrunn frå fleire selskap som er relatert til Mattilsynet sitt forvaltningsområde. Den nye regiondirektøren har leiarerfaring frå Sjøforsvaret, fiskeindustrien, daglegvarebransjen, helsekost og elektronikkbransjen. Han har også drive eige konsultantselskap. Falbach har utdanning frå Sjøkrigsskolen og er siviløkonom frå The University of Western Ontario i Canada. Mattilsynet sin region Hordaland Sogn og Fjordane har til saman seks distriktskontor med godt over hundre tilsette.



# Brukar Sogn som klimalaboratorium

■■ Leitar etter klimaendringar

■■ Studerer 100 planter

**VIKAFJELLET:** Sogn har glimrande lokalitetar for studiar av klimatiske endringar.

– Me brukar det vestnorske fjordlandskapet som klimalaboratorium, seier professor Vigdis Vandvik.

Forskarar varslar eit framtidig klima varmare og våtare. Ingen kan seia eksakt korleis scenariet blir, men to grader er ei truverdig norm som ekspertisen samlar seg om.

### Ikkje tid å venta

– Me har ikkje tid til å venta på effektane av klimaendringane og har funne ei rekkje ideelle lokalitetar her i Sogn som skal hjelpa oss til å danna bilete av korleis framtida kan bli.

– Prosjektet vårt konsentrerer seg om fullt og heilt om planter, seier Vandvik.

### Topp utgangspunkt

Nedbørvariasjonane frå ytre fjordstrøk og innover mot Indre Sogn spenner frå 3.000 millimeter og ned i 600–700. Denne skalaen gir forskarane optimale utgangspunkt.

Topografien oppover, frå lågland til høgfjell, i gir nett den middeltemperaturen forskarane ønskjer med i prosjektet.

– Med bruk av desse to variablane blir effekten av klimaendringane større, seier Vigdis Vandvik.

### Frå Flåm til Vikafjellet

Skjellingahaugen på Vikafjellet

er ein av 12 lokalitetar. Aurlandsdalen og Flåm er også representert.

25 x 25 centimeter med planter blir flytta frå ein stad med spesifikk nedbør og temperatur til ny lokalitet med andre verdiar. Forskarane kan altså triksa og miksa verdiar etter ønskje.

– Me ser korleis platene utviklar seg når temperatur og nedbør endrar seg, til dømes frå Gudmedalen i Flåm, kor nedbøren er 2.100 millimeter, til Skjellingahaugen på Vikafjellet med 2.700 millimeter i året, seier Vandvik.

Temperaturen aukar ca ei grad for kvar 100 meter

### Pirkete arbeid


Vigdis Vandvik karakteriserer prosjektet som eit småskalaeksperiment.

– Ruta kan innehalda mellom 30 og 40 artar, pinsett og lupe blir difor ein del av arbeidsverktøyet. Det interessante er å sjå korleis plantene reagerer på klimaendringar, seier Vandvik.

100 ulike plantetypar er med i prosjektet som forhåpentlegvis gir svar på kva som skjer med det biologiske mangfaldet med dei varsla klimaendringane.

– Folk flest er opptekne av temperaturauken. Prosjektet vårt er unikt på den måten at me måler kor stor effekt nedbøren har på ein del ting, seier Vigdis Vandvik.

Gunnar Kleven  
gunnar.kleven@sognavis.no



**SMÅSKALA:** Vigdis Vandvik, professor i biologi, syner ei 25x25 centimeter stor rute som kan innehalda opptil 40 planter.

## Mange aktørar

**VIKAFJELLET:** Minst dusinet med fagfolk deltek i

forskningsprosjektet. Også Høgskulen.

– Me har med ein Austerrisk stipendiat som studerer ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, seier Vigdis Vandvik.

Doktorgradsstudentar, Universitetet i Bergen, Norsk institutt for naturforskning,

Meteorologisk institutt, University of Michigan i USA og eit universitet i Praha involverer seg i forskinga.

Norsk forskingsråd finansierer prosjektet som har eit budsjett på 10–12 millionar kroner over fem år.

– Etter planen er me ferdige neste år. Men det er slik med forskinga at eit svar utløyser fire-fem nye spørsmål. Difor håpar me å kunne halda fram, seier professor Vigdis Vandvik.



**TIDKREJVANDE:** Her ligg tre damer og finstuderer vegetasjonen, på Skjellingahaugen. Innanfor det elektriske gjerdet er det også ein værstasjon som måler nedbør, temperatur, jordfrukt og UV-stråling.